

# Babysong Hausten 2017



Å høyra til

TRUSOPPLÆRING I KYRKJA I SULDAL

## *Vel møtt til babysong!*

*Det største mysterium er ikke mer enn det  
at en ørliten kropp er våknet til jorden .*

*Den nyfødte ser.*

*To luker i himlen går opp.*

*Selv fem-trinns-raketter og kjernefysikk*

*blir puslingers puslespill*

*når det nyfødte barn med et eneste blick*

*beviser at Gud er til.*

*André Bjerke*

*Det skjer et under i verden  
hver gang et barn blir til,  
over det gryende livet  
lyser Guds skapersmil.*

*Gerd Grønvold Saue*

Barnet du har fått er eit lite mirakel. Kvart menneske er unikt; skapt og elska av Gud. Det er noko av det me vil skal prega stunda på babysong.

*Babysong er :*

- ✓ *Song, musikk, rim og regler, rytmeinstrument, slør, såpebobler og ball*
- ✓ *Ei god og rolig stund saman, for babyen og mor eller far*
- ✓ *Babyar som har stor glede av å sjå kvarandre - og ta på kvarandre*
- ✓ *Treffstad for nybakte foreldre, god tid til prat over nistepakken og kaffi/te-koppen*
- ✓ *Kvar torsdag i ein periode (ca 10 gonger)*

Her går songstunda sin gong om nokon er litt urolege ein dag, om bleier må skiftast eller det trengs ein liten melketår undervegs.

Så slapp berre av, same korleis dagen er.

Og husk at det ikkje er nokon konkurransse i song. *Di* stemme er den beste i verda for barnet ditt. Så bruk den songstemma du har.

Me har ei blanding av songar med kristne tekstar og meir almenne tekstar; rim og regler, musikk, rytmeinstrument m.m

Me brukar cd til ein del av songane, resten syng me utan musikk.

**Torsdag 31. august** går starten for ein ny omgang med babysong på **Sand bedehus**. Kvar torsdag til saman ti gonger i løpet av hausten. I haustferien (12. oktober) blir det ikkje babysong. Viss alt går etter planen blir siste babysong i haust 9. november.

Me startar **klokka 11.00**.

Først har me ei songstund på ca 45 min. Så et me ilag.

De tar med niste. Kaffi/te/vatn blir servert.

Me tek oss god tid til mat og prat. Det pleier å bli til i eitt-tida. Men einkvar er fri til å gå når det passar.

Turid Børtveit Skjelstad er leiar. Medhjelparar blir Tina Laugaland Mikalsen og Hallfrid Lovra. Signy Nærheim og Bjørg Nygård blir med som vikarar av og til.

### **Babysong på Vinjarheim**

Det har blitt ein populær tradisjon at me besøkjer eldreinstitusjonane og har babysongen der. Denne hausten vil me å besøkja **Vinjarheim på Suldalsosen** **torsdag 19. oktober**

**Denne invitasjonen til babysong** blir send til dei som står i kyrkja sitt medlemsregister (og nokre få andre, f.eks nokon som var med i vår). Veit du om nokon med barn i aktuell alder som ikkje har fått invitasjon, så sei til dei at dei er like velkomne for det.

**Velkommen, både nye og de som var med i vår!**

Mvh

Turid Børtveit Skjelstad  
kyrkjelydspedagog

Påmelding: sjå neste side 

## Påmelding:

Helst på heimesida vår [www.suldal.kyrkja.no](http://www.suldal.kyrkja.no)

Får du det ikkje til kan du bruka ein av desse alternativa:

Tlf til kyrkjekontoret **52 79 02 03**

mail: **turid@suldal-kyrkje.no**

SMS: **98 43 72 73**

Me treng følgjande opplysningar:

- ✓ namn og fødselsdato på **barnet**
- ✓ namn og fødselsår (fordi me søker kursstøtte) på **den vaksne** som skal vera med
- ✓ **mobilnummer** (viktig til meldingar, t.d. viss me må avlysa ein gong).

**Send ei melding til Turid på mobilnr. 98 43 72 73 dersom de ikkje kan koma ein torsdag.** Så veit me cirka kor mange me skal setja fram stolar til.

### Nokre praktiske tips:

- Det kan vera kaldt på golvet på bedehuset, så det er godt (for den vaksne) å ha innesko eller tjukke sokkar.
- Babyane ligg på gummimatter som blir vaska av etter kvar gong. Men til dei aller minste kan det likevel vera greit å ha med eit lite teppe eller handkle til å ligga på.
- Det er mikrobølgeovn på bedehuset.